



Rapport desember 2021

POLYFONs prosjektperiodar:

- *Bakgrunn, erfaringar
og framtidsscenario*



Ansvarleg for rapporten: klyngeleiar Brynjulf Stige.

Rapporten er godkjend av styringsgruppa for POLYFONs prosjekt- og interimperiode.

Foto på framsida:

Oppe til venstre: Styringsgruppe og andre støttespelarar etter startkonferansen i 2015. F.v. Eva Karin Løvaas (Bergensklinikkene), Thomas Høiseith (Aleris), Sebastian von Hofacker (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Jorunn Bakke Nydal (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Ingebjørg Erikstad (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Rune Eidset (Bergen kommune), Frode Thorsen (Griegakademiet, UiB), Brynjulf Stige (Griegakademiet, UiB), Christian Rieber (GC Rieber Fondene), Hege Eriksen (Uni Research) og Geir Lien (Helse Bergen). Foto: Rune Rolvsjord, NORCE.

I midten til høgre: To musikkterapeutar på etterutdanningskurs i psykisk helse i 2016. F.v. Sigrid Sandkjær og Tora Söderström Gaden. Foto: Liv Gunnhild Qvale, NORCE.

Nede til venstre: Frå Moro-konferansen i 2020, om uro, ro og moro i musikalsk samspel med barn og unge. F.v. Maren Metell (Griegakademiet, UiB/NORCE), Karen Mössler (NORCE), Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) og Bente Hvidsten (Høgskulen på Vestlandet). Foto: Brynjulf Stige, UiB.

Innhald

Føreord	3
POLYFONs mål, arbeidsmåtar og samfunnseffektar	4
Bakgrunn (1950-2013)	5
Planleggingsfasen (2013-2014)	6
Første prosjektperiode (2015-2017)	7
Andre prosjektperiode (2018-2020)	8
Interimperioden (2021)	9
Nokre framtidsscenario (2021-2050)	10
Litteratur	11
Klyngedeltakarane ved etablering av POLYFON som fast samarbeidsstruktur	12

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet, UiB.
Postadresse c/o Griegakademiet, UiB, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Besøksadresse: GAMUT, Nina Griegs gt. 4, 5015 Bergen. E-post: polyfon@uib.no
Klyngeleiar: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

Mange tenestebukarar har ønske om og nytte av musikkterapi, m.a. av di musikkens eigenverdi og bruksverdi vert opplevde i samanheng. Musikkens verdi for folkehelse og samfunnsdeltaking er det også større interesse for enn tidlegare. Samstundes ser vi at helsemyndigheitene har byrja å tilrå musikkterapi i nasjonale, faglege retningslinjer. I aukande grad tar tenestene også musikkterapi i bruk. Det er likevel langt igjen før det er likeverdig og rettferdig tilgang til musikkterapienester i Noreg. Potensialet for tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om kunnskap og kompetanse er heller ikkje realisert, på langt nær. Dette er nokre av dei problemstillingane som den tverrfaglege kunnskapsklynga POLYFON arbeider med.

POLYFON vart først etablert som eit treårig prosjekt i 2015. Deltakarane valde i 2017 å utvide samarbeidet med ein ny prosjektperiode. Ved evaluering av prosjektet i 2020, kom det fram forslag om å etablere POLYFON som ein fast samarbeidsstruktur, med nasjonalt fokus. Fagmiljø og leiarar ved UiB såg også potensialet og valde å ta utfordringa. POLYFON er difor på veg inn i ein ny fase.

Denne rapporten beskriv erfaringane gjort i dei to prosjektperiodane 2015-2017 og 2018-2020. Vi beskriv også bakgrunnen for ideen, i lys av framveksten av norsk musikkterapi frå dei første pionerpraksisane tidleg på 1950-talet til 2013, då planlegginga av eit klyngesamarbeid tok til. I og med at klynga er på veg inn i ein ny fase, beskriv vi også interimperioden (2021), før etablering av ny, fast struktur. Kva samspelet kan bringe framover, belyser vi med fire mogelege framtidsscenario for dei neste tre tiåra (2021-2050).


Vi sveipar altså innom ulike delar av hundreårsperioden 1950-2050. POLYFONs målsetjingar er av ein slik art at det å tenkje framover må gjerast i målestokken tiår, ikkje berre år. Det er sjølvstakt vanskeleg å spå, og det vert ikkje lettare av å prøve å sjå fleire tiår framover. Vurderinga vår er likevel at det i denne samanhengen skapar mening. Frå dei første pionerpraksisar kom på plass i Noreg, tok det fleire tiår før dei to norske musikkterapiutdanningane vart etablerte. Derneft tok det igjen fleire tiår før utdanning og forskning var på eit nivå som gjorde det mogeleg for helsemyndigheitene å tilrå musikkterapi i nasjonale, faglege retningslinjer. Dei neste stega kan sjølvstakt ta både kortare og lengre tid enn venta, men når POLYFON arbeider med at musikk som helseressurs skal takast i bruk i samfunnet på ein systematisk og kunnskapsinformert måte, er det sannsynleg at det vil gå nokre tiår til før dette er realisert på ein nokolunde lik og rettferdig måte i heile landet.

Men – vi er i gong, og noko er på gong! Det som gjer utviklinga i POLYFON mogeleg er først og fremst det ei klynge er til for, nemleg samspel mellom ulike men likeverdige aktørar som spelar kvarandre gode. Vi ser føre oss at dette vil verte vidareutvikla framover, ikkje berre ved at fleire tenesteytande og kunnskapsutviklande fagmiljø vert med, men også ved at det tverrfaglege og tverrvitskaplege vert styrkt.

Rapporten som følgjer fokuserer mest på tiltak og erfaringar i Bergens- og Vestlandsregionen, då det har vore utgangspunktet i prosjektperiodane. Vi understrekar at målet no er å bruke prosjekterfaringane som springbrett for utvikling av eit nasjonalt løft gjennom gode samarbeidsrelasjonar.

Det er mange å takke for at vi er der vi er og kan ha visjonar for fleire tiår framover. Ein særleg takk går til GC Rieber Fondene. Utan fødselshjelpa dei gav ved starten av prosjektet i 2015, hadde vi neppe makta å kome i gong. I åra som har gått, har både brukarar, pårørande, praktikarar, forskarar og leiarar bidratt til POLYFONs utvikling. Ingen nemnde, ingen gløymde. Vi seier berre: TAKK!

Bergen 2. desember 2021



Brynjulf Stige
Professor UiB/leiar POLYFON



Geir Lien
Spesialrådgjevar Helse Bergen/styringsgruppeleiar POLYFON

Kunnskapskynga POLYFON byggjer samarbeid mellom forskingsmiljø og tenesteytande instansar som ønskjer å bidra til meir systematisk og reflektert bruk av musikk som helseressurs i det norske samfunnet. Å realisere nasjonale tilrådingar av musikkterapi som behandling er ein del av dette, men klynga arbeider også med musikk som helsefremmande og inkluderande aktivitet i lokalsamfunnet. POLYFON er forankra i UiB, og GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning koordinerer samarbeidet.

Klyngas hovudmål, slik deltakarane har definert det, legg vekt på at musikk skal vere ein tilgjengeleg helse-ressurs i samfunnet. Delmål for samarbeidet er knytte til praksis, forskning, utdanning og formidling:

HOVUDMÅL FOR KLYNGESAMARBEIDET: *Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.*

DELMÅL:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Samarbeidet er dels motivert av eit ønske om å gjere ein forskjell i møte med viktige samfunnsutfordringar, dels av eit ønske om å byggje fagleg styrke. Klyngedeltakarane får:

- høve til å delta i ein fagleg fellesskap som gjev spenst og styrke gjennom samhandling
- ein sjanse til å vere med og utvikle tilbod som gjev rom for deltaking og samskaping
- tilgang til råd og fagleg støtte til planarbeid, prosjekt- og utviklingsarbeid
- tilgang til prosjektmidlar og formidlingsstøtte.

For meir informasjon om mål og arbeidsmåtar, viser vi til [POLYFONS faglege plattform](#).

Å leggje til rette for medverknad og god bruk av erfaringskompetanse står sentralt. Eit erfaringspanel og fleire arbeidsgrupper som involverer både fagpersonar og mellomleiarar er etablerte for å leggje til rette for dette. Samstundes bidreg både klyngas leiarforankring hjå deltakande organisasjonar og musikkterapiens forankring i nasjonale føringar frå myndigheitene til at samarbeidet gjev resultat.

I prosjektperiodane 2015-2017 og 2018-2020 gav samarbeidet følgjande samfunnseffektar:

- tydeleg vekst i musikkterapitilbod og annan bruk av musikk som helseressurs
- ein markant auke i praksisnære forskingsprosjekt med brukarmedverknad
- nye etter- og vidareutdanningstilbod og medverknad til ei utgreiing om spesialistutdanning
- meir tilgjengeleg informasjon om musikkterapi, i tenestene og i samfunnet

Samfunnseffektane er dokumenterte med indikatordata, med utgangspunkt i klyngas målsetjingar. Slike data vert diskuterte i årsmeldingane frå og med 2019. Ein viktig del av det vidare samarbeidet vil vere å stimulere til fleirstemte samtalar om verdiar, målsetjingar, arbeidsformer og samfunnseffektar.

For meir informasjon om kva ulike typar deltakarar har fått ut av klyngesamarbeidet, viser vi til [informasjons-sida for aktørar som vurderer klyngedeltaking](#).

For tilgang til klyngas årsmeldingar, der utviklinga av klyngas mål, arbeidsmåtar og samfunnseffektar er dokumentert, viser vi til [POLYFONS nettside](#).

For informasjon om det daglege arbeidet i klynga, viser vi til bulletengen [POLYFON-nytt](#) (4-6 nummer per år) og til POLYFONS sider på [Facebook](#) og på [Instagram](#).

Den tverrfaglege kunnskapsklynga POLYFON representerer både kontinuitet og nyorientering i utviklinga av musikkterapifeltet i Noreg.

Sidan dei første norske pionerane byrja arbeidet sitt tidleg på 1950-talet, har ressurs- og relasjonsorientert praksis vore sentralt. Tradisjonen har utvikla seg i samspel med endringar i den norske velferdsstaten, som framveksten av nye pedagogiske tilbod for menneske med funksjonsutfordringar på 1950- og 1960-talet, ny kulturpolitikk med meir vekt på mangfald og inkludering på 1970- og 1980-talet, og – i seinare tid – utvikling av nye arbeidsmåtar innan helsevesenet, med meir vekt på brukarmedverknad og berekraftige, personsentrerte tilbod.

Utviklinga reflekterer to kjenneteikn ved norsk musikkterapi som fagtradisjon: For det første er det eit praksisorientert forskingsfelt, der aktørperspektiv og kontekst er viktige element i teori- og fagutvikling. For det andre er det eit tverrfagleg forskingsfelt. Skal vi forstå vilkår for musikk som ressurs for læring, deltaking og livskvalitet, i skule-, kultur- og helsesektoren, vil samarbeid med forskarar innan t.d. musikk, pedagogikk, samfunnsvitenskap, medisin, psykologi og nevrovitenskap vere av relevans. Desse kjenneteikna ved fagtradisjonen vil kunnskapsklynga POLYFON byggje på og vidareutvikle.

Slik representerer POLYFON kontinuitet, men klynga representerer også ei nyorientering, ved aktiv bruk av dei nye mogelegheitene som opna seg i 2013. Dette året gav Helsedirektoratet for første gong ei tydeleg tilråding av musikkterapi i ei nasjonal, fagleg retningslinje. Då vart det nødvendig å spørje: Kva skal til for at forskingsbaserte, nasjonale retningslinjer skal verte omsette til praksis, med systematisk implementering og rettferdig fordelt tilgang på tenester? Det vart altså startskotet til planlegging av ei kunnskapsklynge. Eit anna spørsmål vi stilte oss handla om fagidentitet og kvalitet, og var: Er det mogeleg å realisere dei nasjonale tilrådingane frå helsemyndigheitene og samstundes vidareutvikle musikkterapiens ressurs-, deltakings- og samfunnsorienterte teori- og praksistradisjon?

Langvarige prosessar med fagutvikling låg bak. Den første musikkterapiutdanninga i Noreg vart etablert ved Østlandets Musikkonservatorium i 1978. Ei tilsvarande utdanning vart etablert på Sandane i Nordfjord i 1988, og Noreg vart då det første nordiske landet med to fullverdige musikkterapiutdanningar. Det tette samarbeidet mellom to likeverdige fagmiljø er framleis unikt i nordisk samanheng. Frå utfordrande utgangspunkt har to solide utdanningar på universitetsnivå vakse fram, i tilknytning til sterke forskingsmiljø. Studiet i Oslo vart innlemma i Norges musikkhøgskole i 1996, medan studiet på Sandane vart flytta til Universitetet i Bergen i 2006 (Ruud, 1987/1990, Stige & Rolvsjord, 2009).



Dei første musikkterapipionerane i Noreg byrja arbeidet sitt på 1950-talet. Dette bildet frå 2008 viser den britiske pioneren Clive Robbins, omkransa av fire av Bergensmusikkterapiens pionerar. Desse er frå venstre: Hedda Riise, Ida-Margrethe Gjøl, Anne Sofi Grieg Moe og Else Vedeler. Til høgre tre av fagpersonane i det som då var eit heilt nytt universitetsmiljø i musikkterapi: Brynjulf Stige, Randi Rolvsjord og Cochavit Elefant.

FOTO: GUDRUN SYLTE, PÅ HØYDEN.

Då Helsedirektoratet i juni 2013 publiserte ei ny nasjonal psykoseretningslinje, med sterk tilråding av musikkterapi, vart dette vurdert som eit vegskilje i utviklinga av norsk musikkterapi. Same haust byrja arbeidet med å greie ut mogelegheitene for ei kunnskapsklynge som kunne arbeide med dei behova og mogelegheitene som ville oppstå. Ein fokuserte då på behovet for innovasjon i offentleg sektor og søkte på ei NFR-utlysing av SFI-midlar (til eit senter for forskingsdriven innovasjon). Bak søknaden stod forskingsmiljø i UiB og NORCE (den gongen Uni Research) og dessutan tenesteaktørar som Aleris, Bergen kommune, Haraldsplass Diakonale Sykehus, Helse Bergen, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus og Sogn og Fjordane fylkeskommune. NFR-søknaden nådde diverre ikkje opp, m.a. av di Forskringsrådet meinte konseptet ikkje var nok orientert mot næringsutvikling til å passe inn i den aktuelle SFI-utlysinga.

Partane bak søknaden meinte at ideen var for god til å skrinleggjast, og sonderingar om alternative måtar å realisere ideen på byrja. Christian Rieber og GC Rieber Fondene vart inviterte inn i samtalen. I februar 2014 vart ei prosjektskisse utarbeidd, med vekt på innovasjon i offentleg sektor gjennom forskingsdriven tenesteutvikling. Hovudtrekk i prosjektskissa den gongen er seinare vidareutvikla i det som i dag er definert som [POLYFONs faglege plattform](#).

Ein grunntanke var at det er fleire system som spelar saman i utvikling av kunnskapsinformert praksis, og at eit klyngesamarbeid – i tråd med den nordiske samfunnsmodellen – bør stimulere til samspel mellom sivilsamfunn, stat og marknad. Slik fekk klynga sitt namn: POLYFON kan både forståast som ein metafor (samarbeidet skal vere fleirstemt og likeverdig) og som eit akronym (samarbeidet skal ha positiv verdi for Person, Organisasjon og Lokalsamfunn, det skal utfordre og utvikle Yrkesroller og det skal mobilisere både Frivillige aktørar, Offentlege aktørar og Næringsaktørar).

GC Rieber Fondene støtta initiativet med ein starthjelp på kr. 3 millionar, noko som i neste omgang løyste ut gåveforsterking frå Norges forskingsråd. Mange av samarbeidspartane frå SFI-søknaden vart med vidare, og forplikta seg til å bidra med årlege bidrag til klynga, i form av deltakaravgifter. Dette prinsippet vart etablert både for å sikre tilstrekkeleg finansiering av samarbeidet og for å sikre nødvendig leiarforankring. Det var semje om at innovative endringar i store organisasjonar føreset solid leiarforankring. Samstundes vart det planlagt for eit spekter av samarbeidsmåtar og -forum i POLYFON, for å gje rom for eit reelt samspel mellom brukarar, praktikarar, forskarar og leiarar.

Dette kom på plass i løpet av 2014, slik at POLYFONs første prosjektperiode kunne ta til 1. januar 2015.



GC Rieber Fondene spelte ei avgjerande rolle då POLYFON vart planlagt og starta opp. Same år som kunnskapsklynga kom i gong – i 2015 – fekk Christian Rieber Christieprisen for innsatsen sin for samspel mellom universitet og samfunn. Bidraget til etablering av POLYFON var ein del av grunngevinga. Her ser vi UiBs rektor Dag Rune Olsen dele ut prisen til Christian Rieber.

FOTO: UIB

Å etablere ein samarbeidskultur var sentralt i den første perioden, samstundes som kunnskapsklynga raskt også kunne vise til fleire konkrete resultat:

POLYFONS UTVIKLING:

- *Praksisutvikling:* Klynga bidrog til raskare vekst i nye praksisar, og også til større systematikk. Helse Bergen gjekk føre når det gjeld systematisk implementering i psykisk helsevern, medan Bergensklinikkene tok ei tilsvarande rolle innan rusbehandling. Praksisutviklinga vart også prega av større breidde, med nye stillingar knytte både til arbeid med barn og unge og til arbeid med eldre menneske. Likeins fekk vi dei første initiativ for oppfølgingstilbod etter behandling på klinikken.
- *Forsking:* Ordningane med utlysing av prosjektmidlar to gongar i året og sommarstipend for studentar vart etablerte. Dei stimulerte til fleire praksisnære og brukarorienterte prosjekt.
- *Utdanning:* Både etterutdanningskurs i psykisk helse og rus og vidareutdanningskurs i eldreomsorg vart gjennomførte. Spørsmålet om behovet for spesialistutdanning for musikkterapeutar kom opp tidleg og vart diskutert med jamne mellomrom i heile prosjektperioden.
- *Formidling:* Musikkterapi vart gjennom POLYFON meir synleg i aviser, radio/TV og seminar. Den første POLYFON-konferansen vart arrangert i 2017. Bulletengen POLYFON-nytt vart etablert tidleg i perioden, medan POLYFON etter kvart også vart meir synleg i sosiale medium.
- *Samhandling:* Ulike arenaer for samhandling vart etablerte, som styringsgruppe, ulike arbeidsgrupper, ein scientific advisory committee og ulike arbeidsseminar og konferansar.

NOKRE VIKTIGE REGIONALE, NASJONALE OG INTERNASJONALE HENDINGAR OG FØRINGAR:

- *Regionalt fagleg:* I 2015 gav UiB Christieprisen til Christian Rieber, som gav prispengane vidare til POLYFON. I 2016 gav Nasjonalforeningen for folkehelsen, avd. Hordaland, demensprisen til musikkterapeut Solgunn Knardal ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.
- *Nasjonalt fagleg:* Fleire nye nasjonale, faglege retningslinjer inneheldt tilrådingar og omtalar av musikkterapi, m.a. to retningslinjer innan rusfeltet i 2016 og demensretningslinja i 2017.
- *Nasjonalt politisk:* Regjeringa gav i november 2015 helseføretaka pålegg om å etablere tilbod om medikamentfri behandling i psykisk helsevern. På Stortinget kom det i 2017 eit representantforslag om å implementere musikkterapi i helsetenesta og auke nasjonal utdanningskapasitet.



Helse Bergens strategivedtak om implementering av musikkterapi på alle klinikkar i psykisk helsevern medførte m.a. at alle dei 6 DPSane i helseføretaket sitt opptaksområde fekk på plass musikkterapitilbod i løpet av 2017. Frå før var det berre 2 av desse klinikane som hadde dette. Her ser vi musikkterapeut Malena Ottesen i arbeid ved Øyane DPS.

FOTO: RUNE ROLVSJORD, NORCE.

Kunnskapsklynga vart styrkt i det ho gjekk inn i andre prosjektperiode (frå 01.10.2017 til 31.12.2020). Arbeidet var prega av større breidde i praksisfeltet og nye initiativ innan forskning, utdanning og formidling:

POLYFONS UTVIKLING:

- *Praksisutvikling:* Helse Bergen utvida sin bruk av musikkterapi ved fleire avdelingar/divisjonar. Dette vart til inspirasjon for andre helseføretak, m.a. Helse Førde. Mykje viktig utviklingsarbeid også i andre sektorar, som Bergen kommunes systematiske oppbygging av musikkterapi innan Etat for barn og familie og utviklinga av ulike oppfølgingstilbod for unge og vaksne, som MOT82 og Lundefuglen aktivitetshus. Musikkterapifestivalen vert meir brukarstyrt og omdøpt til Gjenklang.
- *Forskning:* Fleire nye prosjekt vart genererte frå tenestene, frå små brukarundersøkingar til større ph.d.-prosjekt. Utviklingstendensar inkluderte auka brukarmedverknad og større metodisk spekter.
- *Utdanning:* Valemnet «Musikk og hjernen» vart etablert ved medisinstudiet ved UiB, og inkluderer ei innføring om musikkterapi. EVU-kurset «Musikk som verktøy i førebyggjande arbeid med born og unge» vart etablert ved Griegakademiet. Fagnettverk får ein viktig kompetansefunksjon i POLYFON.
- *Formidling:* Meir aktiv bruk av sosiale medium, og fleire formidlingsseminar enn tidlegare. Podkasten «Musikkterapodden» bidrog til auka interesse for feltet. GAMUT-stipendiaten Tora Söderström Gaden (NORCE) vann den nasjonale finalen i Forsker Grand Prix 2020.
- *Samhandling:* POLYFONs brukarpanel (etter kvart omdøpt til Erfaringspanel) vart etablert som eit uavhengig rådgjevande organ, og fekk raskt ei viktig rolle i klyngesamarbeidet.

REGIONALE, NASJONALE OG INTERNASJONALE ENDRINGAR OG FØRINGAR:

- *Regionalt fagleg:* Bergen kommune byrja innarbeide musikkterapi i planverket sitt, innan fleire felt. Sogn og Fjordanes arbeid med musikkterapi på systemnivå vart vidareført i nye Vestland fylkeskommune. POLYFON og GAMUT fekk Kunnskapskommunens forskings- og innovasjonspris 2019.
- *Regionalt politisk:* Byrådet i Bergen skreiv musikkterapi inn i sin politiske plattform 2019–2023.
- *Nasjonalt fagleg:* Musikkterapi vart innlemma i nye nasjonale, faglege retningslinjer. Regjeringa gav i 2020 midlar til nye studieplassar i musikkterapi, både i Bergen og Oslo. Nasjonal behandlingstekst for musikkterapi vart utvikla i 2018 og nasjonalt samvalsverktøy for psykose i 2019, begge tekstane med faglege medverknad frå POLYFON. Kinn kommune fekk «Leve hele livet»-prisen 2020.
- *Nasjonalt politisk:* Tydeleg omtale av musikkterapi både i kvalitetsreforma «Leve hele livet» (2017-2018) og den nye folkehelsemeldinga (2018-2019). Ny interpellasjon i Stortinget (2019) om behovet for likeverdig tilgang til musikkterapitilbod i heile landet.
- *Internasjonalt fagleg:* I 2019 publiserte WHO Europe sin første rapport om kultur og helse, noko som kan tolkast som eit signal om at WHO tar feltet på alvor, som del av ei fornying av helse-politikken. WHO produserte også ein film om musikkterapi, med eit eksempel frå Betanien DPS.



I løpet av POLYFONs andre prosjektperiode vart Erfaringspanelet ein viktig arena for utvikling av perspektiv på og idear til kunnskapsklyngas arbeid. T.h.: leiar for panelet i perioden, Bjarte Johansen.

FOTO: LIV GUNNHILD QVALE, NORCE.

Mot slutten av andre prosjektperiode var fleire klyngedeltakarar tydelege på at det var bygd eit grunnlag for fagleg samarbeid som ein ikkje ønskte å gje slipp på. Styringsgruppa vedtok difor å arbeide for å etablere kunnskapsklynga som ein fast samarbeidsstruktur, med meir nasjonal orientering enn tidlegare.

Leiarane hjå aktuelle aktørar vart difor førespurte om eventuell interesse for forpliktande samarbeid i ei fast kunnskapsklynge. I desember 2020 vart det klart at det var grunnlag for å etablere POLYFON som fast samarbeidsstruktur. 2021 vart definert som ein interimperiode, der ein m.a. kunne utarbeide klyngeavtale og fagleg plattform for vidare drift.


I løpet av året føregjekk også mykje viktig tverrfagleg utviklingsarbeid, der vi t.d. kan nemne HVLs initiativ til etablering av ei arbeidsgruppe for musikk og musikkterapi som undervisningstema i aktuelle profesjonsutdanningar innan oppvekst, helse og sosial. Andre faglege prosessar dette året inkluderte styrkt satsing på faglege nettverk for musikkterapeutar og auka samarbeid med nasjonale kompetansemiljø. I løpet av interimperioden vart dessutan det digitale kurset *Smakebit av musikkterapi* utvikla, for brukarar, pårørande, erfaringskonsulentar og andre med interesse for ei grunnleggjande innføring i fagfeltet.

Klyngeavtalen vart gjort klar til signering hausten 2021, med følgjande klyngedeltakarar:

- Bergen kommune
- Griegakademiet (UiB)
- Helse Bergen
- Helse Fonna
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- NORCE Norwegian Research Centre
- Norges musikkhøgskole
- Undergruppe Betanien/Solli/Voss DPS
- Undergruppe Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Kinn kommune og USHT Vestland, S. og Fj.).

Alle klyngedeltakarane bidreg i samspelet som byggjer kunnskapsinformert praksis og praksisnær kompetanse. Det er ikkje grunnlag for å framheve somme deltakarar meir enn andre. At NMH meldte seg inn i POLYFON i 2021, kan likevel framhevast som ei viktig hending i klyngas utvikling. Begge utdanningsinstitusjonane og forskingsmiljøa i musikkterapifaget er då med i samarbeidet, og med det er grunnlaget for eit nasjonalt løft styrkt.

For å styrke føresetnadene for nasjonalt samarbeid, har POLYFON i løpet av interimperioden etablert strategiske samarbeid med Norsk forening for musikkterapi, Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) og Nasjonal kompetansetjeneste ROP (sjå logoane nedanfor). I framtida vert det viktig å byggje tilsvarande samarbeidsrelasjonar til nasjonale kompetansemiljø innan t.d. eldre helse og barn og unges oppvekst.



Samarbeid med nasjonale organisasjonar og kompetansemiljø vart ein viktig del av POLYFONs arbeid i løpet av interimperioden. Dette vert det viktig å utvikle vidare.



I ei vurdering av POLYFONs framtid, peikar to premiss seg ut. For det første: Slik musikkterapiens framvekst frå og med 1950-talet kan knytast til viktige endringar i den norske velferdsstaten, vil vidare vegval i klyngesamarbeidet måtte knytast til sannsynleg samfunnsutvikling. For det andre: Dei måla klynga har sett seg (sjå s. 4) handlar både om kvantitet og kvalitet. Med desse premissa som utgangspunkt, vil vi skissere fire moglege framtidsscenario for POLYFON-samarbeidet, der vi først ser på sannsynleg samfunnsutvikling.


Medan utvikling og styrking av mange av velferdsstatens fagfelt og profesjonar skjedde i ein etterkrigsperiode prega av vekst og framtidsoptimisme, vil vi i dei komande åra truleg arbeide i eit samfunn der vidare vekst verken er sjølvstøtt eller uproblematisk. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD, 2019, s. 10) skisserer fleire drivkrefter for samfunnsendring dei neste tiåra, med vekt på demografiske, økonomiske, teknologiske og klimatiske utfordringar: eit raskt aukande tal eldre menneske, mindre økonomisk handlingsrom, rask teknologisk utvikling og store klimaendringar eksemplifiserer dette.

Desse utviklingsprosessane må sjåast i relasjon til grunnleggjande menneskelege behov for tryggleik og tilknytning. Viktige spørsmål vil m.a. vere om ein maktar å halde skilnader i levkår nede og gjensidig tillit i samfunnet oppe, og dessutan om ein maktar å sikre og omstille offentleg sektor på ein slik måte at det vert god kvalitet og rettferdig fordeling av tenester. Dette er ikkje staden for å gå inn i ein diskusjon av detaljane i aktuelle framtidsscenario, men det er sannsynleg at vidare utvikling av musikkterapifeltet vil skje i eit samfunn prega av økonomiske utfordringar og press på den velferdsstaten som er bygd opp.

Det er ikkje det same som at det ser mørkt ut for vidare fagutvikling, men det indikerer at eit viktig spørsmål vert om musikkterapi maktar å verte ein integrert del av nødvendig innovasjon i offentleg sektor. Noko av det som har stimulert utviklinga av musikkterapifeltet så langt er at brukarane ønskjer tilbodet og at ein har makta å dokumentere effektar når det gjeld relevante helseutfordringar. I framtida vil musikkterapiens bidrag til nødvendig innovasjon og omstilling truleg spele inn i aukande grad, der tema som ressursmobilisering, brukarmedverknad og berekraftig samskaping kan verte særleg sentrale.

POLYFONs målsetjingar har altså dels ein kvantitativ dimensjon (klynga skal fremme vekst i bruk av musikk som helseressurs), dels ein kvalitativ dimensjon (klynga skal stimulere utvikling av god praksis, solid forskning, høgare kompetanse og styrkt brukarmedverknad). Med desse to dimensjonane, kan vi litt forenkla tenkje oss fire framtidsscenario: bakpå (liten aktivitet med dårleg kvalitet), utmeldt (liten aktivitet med god kvalitet), utsett (stor aktivitet med dårleg kvalitet) eller frampå (stor aktivitet med høg kvalitet).

Dei måla POLYFON har sett seg reflekterer ein ambisjon om å kunne realisere det fjerde scenarioet, der ein lukkast med eit «sprang» som gjev kraftig vekst utan at ein går på akkord med kvalitet. Ein slik vekst er nødvendig dersom tilgang til musikkterapi ikkje lenger skal vere eit geografisk lotteri (sjå figur 1). Som nasjonal aktør må POLYFON utvikle strategiar for å støtte utviklinga i heile landet, inkludert distrikta..



Figur 1 viser bruken av musikkterapi i dei fire helseregionane i perioden 2016-2019. Talmaterialet er ikkje utan feilkjelder, men dei relativt sett høge tala for Helse Vest indikerer at POLYFONs arbeid har gitt resultat. Eit mål framover vert å få vekst i alle fire regionar.

Kjelde: POLYFONs årsmelding 2020.

REFERANSAR I TEKSTEN

KMD (2019). *Scenarioer for offentlig sektor i 2040*. Oslo: Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Ruud, E. (1987/1990). *Musikk som kommunikasjon og samhandling. Teoretiske perspektiv på musikkterapien*. Oslo: Solum forlag.

Stige, B. & Rolvsjord, R. (2009). Pionerer i mer enn femti år – om brudd og kontinuitet i musikkterapiens historie i Bergen. *Musikkterapi*, nr. 2/09, 6-24.

NOKRE INFORMASJONSTEKSTAR GITT UT AV POLYFON

[POLYFONs faglege plattform](#)

[POLYFONs årsmeldingar](#) (sjå menyen)

[POLYFON-nytt](#) (bulleteng med 4-6 nummer per år)

POLYFONs sider på [Facebook](#) og på [Instagram](#)



Helse Fonnas arbeid med å byggje ut musikkterapi systematisk i psykisk helsevern er eitt steg i realisering av målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for dei som ønskjer og treng det. Bildet er frå BUP Haugesund. Framme f.v., musikkterapeutane Olaug Sandve og Kaja Linder Henriksen. Bak f.v., Marit Elise Lier (funksjonsleiar døgn), Frida B. Knudsen (funksjonsleiar drift), Georg Reinhardt (avdelingsleiar/ overlege) og Marit E. Ness (funksjonsleiar pol/ psykologspesialist).

FOTO: HELSE FONNA.



«Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det» vert ei meir berekraftig målsetjing dersom vi koplar det til ein visjon om å gjere musikk meir tilgjengeleg som kultur- og kvardagsaktivitet i lokalsamfunnet. Her ser vi bandet «Aesthetic Minds» i sving. F.v. Pablo Tellez, Linn Kiara Eeg Manuelpillai, Kristina Melbøe og Bjarte Johansen.

FOTO: RUNE ROLVSJORD, NORCE.

KLYNGEDELTAARANE

KLYNGEDELTAARANE VED ETABLERING AV POLYFON SOM FAST SAMARBEIDSSTRUKTUR

KOORDINERANDE KLYNGEDELTAAR:



ANDRE KLYNGEDELTAARAR:

